



Johannes Hauge er klar for levering av 5 hønekyllingar og 2 hanekyllingar til David og Aron i Rosendal. Borna er spente på kva som er i kartongane.

**Johannes Hauge ( 83 år ) har nyleg levert kyllingar til David ( 5 ) og Aron ( 3 ) i Rosendal, 5 hønekyllingar og 2 hanekyllingar. Foreldra Espen og Rebekka Attramadal er flytta til Rosendal frå Røros. Rebekka kjem frå Hatlestrand, er musikkutdanna og har deltidsstilling i Kvinnherad kulturskule. Espen er kunsnar. Kyllingane frå Skorpo er på plass i hønsehuset og hønene er klar for verping i slutten av august måned.**

Johannes Hauge driv gardsbruket sitt på Skorpo på gamlemåten. Han har sauer og høns. Den særmerkte kua, Skeivhodo, vart slakta for eit år sidan. Potetene står fint på inngjerda åker for at ikkje hjorten skal gjera skade.

Johannes Hauge fortel til Uskedalen.no at dei siste kyllingane vart klekte i vår. Verpehønene vil vera klar for produksjon i slutten av neste måned. Sjølv har han framleis 4 høner og heile 10 hanar. Hanane skal slaktast, noko han gjer sjølv. Ikkje noko vert kasta. Med dette er middagen sikra for fleire dagar.

Familien Attramadal gler seg til verpinga tek til. Då har dei egg til eige forbruk. Dei har som familie ikkje hatt høns før, men Rebekka har på Hatlestrand vakse opp med høner. No leiger dei hus hos Kjell Haugen, barnebarn til doktor Haugen. På tunet er det hønsehus og hønsegarde. Alt er tilrettelagt for høner og hanar på tunet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Rebekka Attramadal



Eska er opna og kyllingane er vel på plass i hønsehuset i på Skåla i Rosendal.